



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Medietilsynet
Nygata 4
1607 FREDRIKSTAD

Dykkar ref.
15/217

Vår ref.
15/7862 - TJU

Dato
17.12.2015

Høring - Forslag til endringer i forskrift for tilskudd til lokalkringkastingsformål

Vi viser til Medietilsynets brev 20. november 2015 med vedlegg.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgende merknadar:

I utkastet til § 17 om sanksjonar bør det etter vår vurdering gjerast nokre endringar. Framlegget til fyrste punktum er for det fyrste svært langt og tungt, og det heng heller ikkje saman språkleg. Så langt vi kan sjå, er det berre manglande innrapportering eller framlegging av rekneskap, jf. framlegget til §§ 15 og 16, som kan gje grunnlag for sanksjonar, utover dei tilfella som alt er nemnde. Det er heller ikkje gjort framlegg om heimlar for Medietilsynet til å gje ytterlegare forskrifter om noko som kan føre til sanksjonar. Vidare bør framlegget til § 17 fyrste ledd andre punktum takast ut. Det at tidlegare brot på forskrifta eventuelt kan få innverknad for seinare søknadar, kan neppe reknast som ein sanksjon for brot på reglane, og det bør heller ikkje framstillast som det. Vi tilrår difor at § 17 fyrste ledd blir utforma slik: «Medietilsynet kan kreve hele eller deler av et tilskudd tilbakebetalt dersom tilskuddsmottakeren gir uriktige opplysninger, ikke oppfyller rapporterings- og fremleggelsesplikten etter forskriften her eller ikke overholder de fastsatte betingelsene for å motta tilskuddet.» Dette vil òg omfatte brot på vilkår fastsette av tilsynet.

I framlegget til § 17 tredje ledd er det sagt at fastsette sanksjonar må vera «rimelige». Dette er eit upresist og uklart vilkår i ein slik samanheng, og vi tilrår difor at dette blir formulert annleis.

Det som i framlegget til § 14 er sett opp som fyrste ledd fjerde punktum og andre ledd,

heng direkte saman språkleg. Vi legg til grunn at dette samla sett skal utgjera fyrste ledd fjerde punktum, slik at det berre skal vera to ledd i § 14.

I § 10 er det sagt at Medietilsynet kan fastsetja «nærmere regler» om Fagutvalet for tilskot til lokale lyd- og biletemedium. Dette bør endrast til «forskrift».

Det er brukt skråstrek i fleire paragrafar i utkastet. Generelt bør det ikkje brukast skråstrek i forskriftstekst, og ein bør såleis velja eitt av alternativa, eller skilje dei med «og» eller «eller». Eventuelt kan ein finne ei anna formulering. Til dømes bør det setjast inn eit «eller» der det i § 5 er brukt «foretak/konsern», medan det i §§ 14 og 15 bør veljast anten «prosjektet» eller «tiltaket».

Med vennleg helsing

Harald Aass
fagdirektør

Toril Juul
seniorrådgjevar